

SAMFERDSELSNYTT

Fra samferdselsråden ved EU-delegasjonen

Nr 4 | 2011

Brussel, 31.mai

HOVEDSAKER

- Reviderte TEN-T retningslinjer, roaming-reglene og nettnøytralitet sentralt i Polens formannskap
- Enighet om Eurovignette-kompromiss i siste triløpmøte
- Rådet godkjente forlengelse av ENISAs mandat og strategi for World Radiokommunications Conference 2012.
- EPs holdning til radiospektrumpolitikken vedtatt; Rådet arbeider fortsatt med saken.
- Kommisjonsforordning skal gjøre det enklere å reise langt med tog i Europa
- Rapporten med evaluering av datalagringsdirektivet kan åpne for endringer
- Bred diskusjon i Europaparlamentet om omarbeiding av Jernbanepakke I; fortsatt betydelig uenighet mellom medlemsstatene
- Avtaler om flysikkerhet og lufttrafikkontroll med USA og ICAO



Foto: EC Audiovisual Services

EUROPAKOMMISJONEN (KOM)

Transport og mobilitet

Evaluering av forordninger om rettane til flypassasjerar

Europakommisjonen la 11. april fram to rapportar som vurderar korleis forordninga om rettar til flypassasjerar med nedsett mobilitet eller handikap ("PRM-forordninga") og forordninga om kompensasjon og assistanse ved kansellering eller stor forseinking av fly, begge frå 2006, verkar i praksis. Hovudkonklusjonen er at forordningane i stor grad har styrka passasjerrettane. Samtidig ser Kommisjonen behov for å sikra at rettane vert fylgde i praksis. For å få dette til vil Kommisjonen m.a. styrkje mandatet til NEB (National Enforcement Bodies)-nettverket, og saman med NEB leggje fram retningslinjer for praktiseringa av PRM-forordninga innan slutten av 2011. Eit nytt konsultasjonsforum for forbrukarar og industrien om flypassasjerars rettar vert oppretta, og Kommisjonen vil styrkje informasjonsarbeidet for å gjera brukarane meir merksame på rettane deira. Les rapportane [her](#) og [her](#). Les pressemeldinga [her](#).

Avtale om flysikkerhet mellom EU og USA i kraft

1. mai trådte avtalen mellom EU og USA om samarbeid om sivil luftfartssikkerhet i kraft. Avtalen vil bl.a. forenkle tekniske og administrative prosedyrer for godkjenning av sertifikater, og etablerer et rammeverk for utveksling av informasjon. Kommisjonen forventer at avtalen vil føre til vekst i handel med luftfartstjenester og -produkter, øke sikkerheten og styrke samarbeidet mellom EU og USA på området. Les mer [her](#).

Samarbeidsmemorandum mellom EU og ICAO

28. april underteikna EU og ICAO eit memorandum om meir samarbeid. Dermed kan EU mellom anna medverke til standardiseringsarbeidet i ICAO med særleg fokus på tryggleik. Seinare vil andre emne som miljø og lufttrafikkontroll også kunne bli omfatta. Avtalen vil hjelpe EU i utviklinga av SESAR- programmet mellom anna ved å sørge for interoperabilitet med tilsvarande program i land utanfor EU. Les meir [her](#).

Enklere å reise langt med tog

Det skal bli like lett for togpassasjerer å bestille og administrere togreiser som det er for flypassasjerer. Det er det overordnede målet for den såkalte Kommissjonsforordningen som Europakommisjonen vedtok 5. mai for å stimulere jernbaneaktører til å standardisere elektronisk reiseinformasjon. Skal man reise med tog mellom EU- og EØS-landene må man i dag forholde seg til et lappeteppje av ulike systemer for å planlegge reisen. Det finnes ikke noe standardisert system som gjør det enkelt å bestille lange togreiser gjennom flere land. De nye reglene skal gjøre bestilling av billetter og detaljer rundt billettene standardisert og sørge for informasjonsflyt mellom togselskaper og billettforhandlere.

I 2012 skal Kommissjonen legge fram forslag til konkret regelverk som vil kreve at jernbaneoperatører standardiserer elektronisk reiseinformasjon. Reglene vil også innebære at for eksempel togoperatørens ruteplaner gjøres lettere tilgjengelig. Endringene skal være grunnlaget for å få på plass et paneuropeisk system for reiseplanlegging og billettkjøp i løpet av de nærmeste årene. Les mer [her](#).

Kommisjonen refsar 11 EU-land for manglande regler for vegtryggleik

KOM har sendt "reasoned opinion" til Belgia, Bulgaria, Irland, Hellas, Frankrike, Litauen, Luxembourg, Austerrike, Polen, Slovenia og Slovakia og bedt dei etterkome sine pliktar innan tryggleik på det transeuropeiske vegnettet (TEN-T). I følgje direktivet ([Directive 2008/96/EC](#) on road infrastructure safety management) som skulle implementerast innan desember 2010 skal medlemslanda lage prosedyrar for "road safety impact assessments, road safety audits and safety rankings of the network". Medlemslanda har no to månadar til å informere om sine tiltak, elles kan KOM klage dei inn for EU-domstolen. Les meir [her](#).

Positiv evaluering av håndteringen av vulkanutbruddet

Retningslinjene som EU laget etter den islandske vulkanaskekrise i fjor fungerte godt, og bidro til en god håndtering av det nye vulkanutbruddet denne gangen, sier Transportkommissæren Kallas. Nå gjelder det å arbeide videre med implementering og felles praksis i alle EU-landene ifølge visepresident Kallas. Les mer på Kommissjonen sine "[vulkansider](#)".

Kommunikasjoner og Informasjonssamfunnet

Evaluering av Datalagringsdirektivet

Europakommisjonen la 18. april fram evalueringsrapporten om Datalagringsdirektivet. Rapporten trekker opp de viktigste erfaringene siden direktivet ble vedtatt i 2006. Ifølge rapporten er lagrede telekomdata viktige i arbeidet med å beskytte samfunnet mot skadevirkningene av alvorlig kriminalitet. Gjennomføringen av direktivet i medlemslandenes lovgivning er ujevn, og forskjellene skaper problemer for leverandørene av telekom tjenester. I rapporten heter det også at direktivet i seg selv ikke garanterer at data blir lagret, gjenfunnet og brukt i full overensstemmelse med privatlivets fred og reglene for beskyttelse av personlige opplysninger. Kommissjonen skal nå gjennomgå reglene med de berørte parter med sikte på å legge fram forslag til forbedringer i regelverket. Åpne spørsmål er bl.a. en mulig forkortelse av lagringstida (nå 6 måneder til 2 år), harmoniserte regler for tilgang til data og hvordan selskapene som skal lagre data skal kompenseres.

Rapporten vil bli diskutert i Europaparlamentet og Ministerrådet, samtidig som Kommisjonen vil gjennomføre en rekke konsultasjoner. Les mer [her](#)

Tekniske regler for bruk av 4G-bredbåndsutstyr på 900 og 1800 MHz radiofrekvenser

I påskeuken vedtok Europakommisjonen tekniske regler for hvordan 900 og 1800 MHz radiofrekvensbåndene bør åpnes for avanserte 4. generasjons kommunikasjonsutstyr. Reglene er viktige for å unngå interferens med eksisterende GSM og 3G-enheter. De vil bidra til å gi flere av EUs innbyggere og bedrifter trådløs bredbåndsadgang, som er en sentral del av EUs Digitale Agenda. Beslutningen fra Europakommisjonen må implementeres av medlemslandene innen utgangen av 2011, som et ledd i målsettingen om at alle EUs innbyggere skal ha tilgang til basis bredbånd i 2013, og raskt og ultra raskt bredbånd i 2020. Les mer [her](#)

Melding om åpent internett og nettnøytralitet

Kommisjonen la 19.april fram [Meldinga om åpent internett og nettnøytralitet](#). KOM konkluderar med å stadfesta prinsippet om nettnøytralitet, men peikar og på enkelte problem, spesielt når det gjeld mobile nettverk. Men før Kommisjonen vil avgjera om fleire tiltak er naudsynte, ønskjer han meir informasjon om bl.a. praksis rundt blokkering (av til dømes Skype av mobiloperatørar i fleire land), "fartsgrensar" (throttling) og kvalitet på tenester. KOM vil vurdere situasjonen på nytt etter ein rapport frå BEREC (Body of European Regulators for Electronic Communications) i slutten av året. Reaksjonane på meldinga er blanda: Mens ETNO, som representerar telekomindustrien sine gamle monopolverksemdar synest at internetttilgang i EU er åpen og nøytral nok, ønskjer rapportøren for telekompakken i EU-Parlamentet, MEP Catherine Trautmann og forbrukarorganisasjonen BEUC strengare regler for nettnøytralitet. Les meir [her](#).

Nye telekomregler tok til å gjelde fra 25. mai – styrker forbrukerne

Telekom direktivene om "Better regulation" og om "Citizens' Rights" trådte i kraft 25.mai. Disse to direktivene justerer de fem direktivene i Telekom-pakken. De nye reglene gir forbrukerne vesentlig større rettigheter. Deskal bl.a. kunne bytte teleselskap i løpet av en dag, og får beholde samme nummer. Teleselskapene skal tilby 12 måneders kontrakter og gi bedre informasjon. Nasjonale tilsynsmyndigheter for større kompetanse. Les mer [her](#).

Europakommisjonen undersøker om Deutsche Post har fått ulovlig statsstøtte

Kommisjonen meiner at Deutsche Post kan ha brote EU-lovene i samband med pensjonsordninga for tilsette. Disse blei finansiert både via statsstøtte (kompensasjon for universelle tenesteforplikting) og via porto. Kommisjonen har hatt ei konkurransesak mot Deutsche Post sidan 2007, som med dette blir utvida. Les meir [her](#).

[KOMs rullerende arbeidsprogram](#)

Det rullerende arbeidsprogrammet er et nyttig verktøy for å holde seg oppdatert om planlagte initiativ fra KOM. Programmet ble sist oppdatert 16.mai. En lenke til planlagte initiativ resten av 2011 finnes [her](#). En viktig endring fra forrige revisjon i mars er at den varslede Airports Package er forskøvet til desember.

Kommisjonen vil legge frem sitt forslag til nytt langtidsbudsjett for EU – Multiannual Financial Framework (MFF) den 29. juni.

FORMANNSKAPET – MINISTERRÅDET – MEDLEMSSTATENE (MS)

Resultater fra Teleministerrådets møte

På teleministerrådets møte 27.mai i Luxembourg ble det enighet om å forlenge ENISAs nåværende mandatperiode med 18 måneder til september 2013 for å få tilstrekkelig tid til å behandle forslaget om en modernisering og forsterkning av byrået. Videre ble det på basis av en meningsutveksling vedtatt konklusjoner om beskyttelse av kritisk informasjonsinfrastruktur. Det ble også vedtatt Rådskonklusjoner om EUs strategi for ITUs World Radio Communications Conference i 2012, samt konklusjoner om om eGovernment handlingsplan for 2011-2015. I tillegg behandlet ministrene framdriftsrapporter om forslaget til EUs første radio spektrum politikk program og forslaget til forordning om et forsterket og modernisert ENISA. Nærmere informasjon finnes [her](#).

Polens formannskapsprioriteringer

Polen overtar det roterende halvårige EU-formannskapet fra Ungarn 1.juli, og har nøkterne ambisjoner for sin formannskapsperiode. Formannskapet er særlig opptatt av at KOM legger fram annonserte forslag i tide til å gi rom for skikkelig behandling. Reviderte TEN-T retningslinjer med særlig vekt på innovative organiserings- og finansieringsformer, behandling av en såkalt "Airports Package", særlig revisjonen av bakkehåndteringsdirektivet, samt revisjon av regelverket for bruk av digital tachograf i tungtransport på veg er blant prioriteringene til det påtroppende formannskapet på transportområdet. Polen vil også prioritere er den såkalte sosiale agenda for maritim sektor.

På telekom området står endringer i regelverket for roaming og EUs politikk for nettnøytralitet høyest på listen over saker som skal behandles i Rådet i annet halvår. I tillegg vil Polen legge ned betydelig arbeid for å få enighet mellom de 27 medlemsstatene om et modernisert og forsterket ENISA, og om radio spektrumpolitikken.

Nytt funksjonelt luftromsområde (FAB) i Sentral-Europa

Austerrike, Bosnia-Hercegovina, Kroatia, Tsjekia, Ungarn, Slovakia og Slovenia underteikna 5. mai ein avtale om å oppretta det funksjonelle luftområdet Sentral-Europa FABCE (Functional Airspace Block Central Europe). Dette er den fjerde av i alt ni FABs som etter planen skal oppretast innan desember 2012. Les meir [her](#).

EUROPAPARLAMENTET (EP)

Europaparlamentet vedtok sin innstilling om EUs radiospektrumspolitikk

Europaparlamentet vedtok 11.mai sin holdning (1. gangsbehandling) til det 5-årige arbeidsprogrammet for EUs radiospektrumspolitikk, som Kommisjonen la fram i september i fjor. Forslaget er en del av en pakke som bl.a. skal bidra til å gjøre det enklere å etablere bredbåndsnett med høy kapasitet og sikre at det er tilstrekkelig frekvenser til rådighet for trådløs bredbåndskommunikasjon. I forhold til KOM sitt forslag vil EP bl.a. at medlemslanda kan utsette frigjøringa av 800 MHz-bandet i tilfelle problemer med koordinering av frekvensbruk med tredjeland. Videre krever EP at flere frekvensar blir frigjort for mobil internett etter 2013. Dokumenter og oversikt over prosedyren i EP finnes [her](#). Saken er under behandling i Rådet, hvor innstilling forventes i løpet av høsten.

Bred diskusjon av utkast til rapport om omarbeiding av Jernbanepakke I

Mens fagorganiserte demonstrerte utanfor diskuterte TRAN 24.mai [utkast til rapport](#) om omarbeiding av regelverket i jernbanepakke I. Rapporten ønskjer å fullføre eit felles europeisk jernbaneområde med ikkje-diskriminerande marknadstilgang og ein sterk jernbanesektor som bidreg til avkarboniseringa av transportsektoren. I mange MS er infrastrukturforvaltaren og togoperatøren organisert under eit holdingsselskap.

Rapportøren ønskjer eit fullt organisatorisk skilje ("unbundling"). Utforminga av kjørevegsavgift er også eit vanskeleg punkt. Fleire MEP er redde for at for høge avgiftar vil hindra vekst i togtrafikken.

Kommisjonsrepresentanten uttala seg positivt om rapporten. Samtidig var han skeptisk til at parlamentet vil avgrensa omfanget av "delegated acts". Dei fleste parlamentarikarane var samde om behovet for eit sterk kontrollorgan (som rapporten føreslår for framtida) og at meir konkurranse ville styrke sektoren. Komitépresidenten Simpson oppsummerte debatten treffande med å seie at skiljelinjene i denne saka (til dømes i det mest omstridde spørsmålet om det skal vere full eller delvis skilje mellom infrastruktur og tenester) går meir mellom land enn mellom politiske parti. Frist for endringsforslag i komiteen er 30. mai, avstemminga i komiteen 12. juli og i plenum i september. Oversikt over prosedyren og dokumenta i EP finner du [her](#). I Rådet er det framleis mange uløyste spørsmål mellom MS; og ein reknar med at Rådet treng heile hausten for å bli samde.

Semje om Eurovignettedirektivet på trilogmøte

På sitt trilogmøte 23.mai ble Europaparlamentet, Kommisjonen og Rådet samde om eit kompromiss om Eurovignette direktivet. EP måtte godta at det ikkje blir noko obligatorisk øymerking av avgiftsinntektene. Men kompromisset oppmodar MS til reinvestering i transportsektoren for å gjere den meir berekraftig. Medlemslanda skal og informere Kommisjonen om kva inntektene vert brukte til. I følgje ei noko uklar formulering skal 15% av inntektane øymerkast for TEN-T prosjekt, og ei særavgift for svært forureinande lastebilar (Euroklasse I-III) i fjellregionar skal øymerkast til "transportprosjekt av europeisk interesse". Det blir dyrare å bruke dei mest forureinande kjøretøya. Avgiftene er gradert etter Euroklasse. Bilar med Euroklasse V er teke unna til slutten av 2013 og Euro VI til slutten av 2017, medan Euroklasse 4 får lågare avgift enn Euroklasse 3, osb.

Eit anna stridspunkt var prising av kø: Ein vart samde om at medlemslanda kan krevje opp til 175% av gjennomsnittsavgift i maksimal 5 timer per døgn når trafikken er høgast. Sidan kostnadar for trafikkork ikkje er definert som eksterne kostnadar må denne ordninga likevel vere "nøytral", det vil seie at avgiftene resten av dagen må reduserast tilsvarande. Elles kan medlemslanda ta unna lastebilar under 12t frå regelverket, men må varsle KOM og forklare kvifor. Kommisjonen skal lage og oppdatere ein guide for vegbrukarar som forklarar avgiftssystemet i dei ulike landa.

Saksordførar Saïd EL KHADRAOUI (S&D, Belgia) fekk ros i EP når han rapporterte om semja 25. mai. Sjølv om parlamentarikarane var svært kritiske til medlemslandas restriktive haldning, visste dei at det var nok det beste dei kunne oppnå. Kompromisset treng formelt godkjenning av Rådet (ved COREPER arbeidsgruppa som ga grønt lys 25. mai) og parlamentet som har avstemming 7. juni. Les meir [her](#) og følg prosedyren [her](#)

Kroppsscannere på lista over godkjente kontrollmetodar

TRAN-komiteen godkjende i møte 23.mai rapporten om bruk av kroppsscannere på lufthamner med 37 stemmer for, 2 imot og 3 fråhald. Parlamentet ber Kommisjonen å inkludere kroppsscannere i lista over godkjente kontrollmetodar, men la stor vekt på helse og vern av privatliv, bl.a. skal røntgen vere forboden og data skal slettast med ein gong. Passasjeren skal også ha retten å la seg sjekke på ein annan (manuell) måte. Plenum har avstemming i juni. Rapporten er ein så kalla eigeinitiert rapport der parlamentet ber Kommisjonen ta opp desse synspunkt når han legg frem eit lovforslag om saka til hausten. Kommisjonen vert også oppfordra å oppheve forbodet mot flytande væskar ombord i fly frå 2013, og styrkje tryggleikskontrollane for godstransport med fly. Les meir om rapporten [her](#).

Lav profil i oppfølgingen av grensekryssende trafikkforseelser

For om mulig å sikre enighet med Rådet i 2. gangsbehandling valgte TRAN 24. mai å godta rapportens forslag til innstilling om direktivet om grensekryssende trafikkforseelser.

Rapporten ble vedtatt praktisk talt enstemmig og innebærer bl.a. annet aksept av endret legal basis. Direktivet skal hjemles i Lisboatraktatens bestemmelser om politisamarbeid. I trilogmøter måtte EP akseptere at direktivet i hovedsak blir en utveksling av informasjon, med mindre det finnes bilaterale avtaler om straffeforfølgning.

Derimot fikk parlamentet gjennomslag for strengere datavern, at færre regler skal utformes av KOM alene gjennom såkalte "delgated acts", og ikke minst at Kommisjonen skal revurdere om det trengs strengere og mer sanksjonsorienterte regler etter 3 år.. Hvordan trafikkforseelsene skal varsles gjenstår å løse med Rådet i et siste trilogmøte 7. juni. Plenum har avstemming i juli. Les mer [her](#).

ANDRE AKTØRER

EU-domstolen (EUCJ) klargjer kompensasjonsregler ved kansellering av fly

I ein dom har EUCJ klargjort når passasjerar har krav på kompensasjon i tilfelle kansellering av fly og når dei ikkje har det pga "ekstraordinære høve". Det dreier seg om Forordning 261/2004 "on assistance and compensation for passengers in the event of delayed or cancelled flights". Det konkrete tilfellet som førte til dommen var at eit fly Copenhagen-Riga blei kansellert i samband med straumbrot som førte til stenging av det svenske luftrommet. To passasjerar klaga mot Baltic Air med grunngjevinga at flyet ikkje vart kansellera pga straumbroddet (som hadde vore "ekstraordinære høve"). Dei argumenterte at den verkelege grunnen til kanselleringa var at arbeidstida til flypersonalet var overskridd pga forseinkinga. Spørsmålet som vart lagd frem for EUCJ var om flyselskap er forplikta til å organisere sine ressursar slik at dei legg inn reservetid i tilfelle forseinking. EUCJ svarar ja på dette og meiner at det var dårleg planlegging frå flyselskapet og ikkje "ekstraordinære høve" som førte til kanselleringa. Dermed har passasjerane krav på erstatting.

Ny metodologi for å måle vegtilstanden

I samband med FN's 10 år for trafikktryggleik har COST (European Cooperation in Science and Technology) utvikla ein metodologi for å måle tilstanden på vegar, Performance Indicators for Road Pavements. Dette er ei felles Europeisk metodologi med indikatorar for å definere vegtilstanden og eit felles vedlikehaldsverkty. Målet er å samordne dei ulike europeiske metodar og standardar for analyse av vegstandard, og spesielt å fremja tryggleiken og betra forvaltninga av det europeiske vegnettet. [COST](#) er eit EU-støtta regjeringsamarbeid for å koordinera nasjonal forskning på Europeisk nivå. Noreg er ein av 36 medlemsland. Les meir [her](#).

Ny statistikk om dødsfall på vegar

European Transport Safety Council ([ETSC](#)) har publisert sin nye "[indeks for vegtryggleik](#)": Frå 2001-2009 har dødsfall av fotgjengarar og syklistar gått ned med 34%. For motorsyklistar og bilreisande er nedgangen på høvesvis 18% og 39%. Men sidan nesten 170,000 fotgjengarar, syklistar og motorsyklistar har døydd i trafikken på europeiske vegar sidan 2001, meiner ETSC at EU burde gjere meir for å auke trafikktryggleiken. ETSC visar til effektive tiltak i land som har fått ned dødstala mest, bl.a. Portugal når det gjeld fotgjengarar og motorsyklistar, Noreg når det gjeld fotgjengarar og Finland når det gjeld syklistar.

IEA rapport om biobrensle i transport

Ifølgje rapporten "Teknologivegkart – biobrensle for transport" frå det internasjonale energibyrådet IEA kan biobrensle stå for inntil 27% av drivstoffet i transporten innan 2050. Les meir/last ned vegkartet [her](#).

Rapport om europeiske havner

ESPO (European Sea Ports Organisation) har lagt fram sin femte rapport om "port governance." Rapporten viser at det er framgang i moderniseringen av havnevirksomheten i Europa, men rapporten peker også på store forskjeller mellom nord og sør. De fleste havnene er offentlig eide (med UK som et viktig unntak). Havnene i Sør-Europa har mindre finansiell og funksjonell autonomi enn de i Nord-Europa. Rapporten finnes [her](#).

Deutsche Bahn rapport om liberalisering av jernbane

For fjerde gang har DB fått utarbeidet sin såkalte "Rail Liberalisation Index". "LIB-Indeksen" sammenlikner markedsåpning, barrierer og regelverk for jernbanetransport i EU-27, Norge og Sveits. Blant konklusjonene er at land som er mest liberalisert også har flest nye aktører, og at disse tar en større del av markedet. De mest liberaliserte landene har valgt ulike modeller for skille mellom infrastrukturforvalter og togoperatør fra regnskapsmessig skille (bl.a. Sveits), via holding selskap (som bl.a. Tyskland) til fullt organisatorisk skille (som bl.a. i Norge) Rapporten ble utarbeidet mellom oktober 2010 og mars 2011 og presentert i april. Den kan bestilles på [websidene til DB](#).

Taler

Kommissær Kallas om el-bilar og grønare transport (26. mai): [Electric vehicles in Europe – tackling the challenges](#)

Kommissær Kroes oppdaterar komité i Europaparlamentet om den digitale agendaen (26. mai): [Update on the Digital Agenda](#)

Konferanser

6. juni 2011: [2nd European Summit on the Future Internet](#) i Luxembourg

16.-17. juni: [Digital Agenda Assembly](#) i Brussel.

Høringer

Revidering av retningslinjene for offentlig finansiering av bredbåndsutbygging
Europakommisjonen åpnet 19.april en høring om offentlig finansiering av utbygging av bredbåndsinfrastruktur. Nye markeder og rask teknologisk utvikling gjør det nødvendig å se gjennom retningslinjene fra 2009. Høringsfristen er 31.august. KOM vil eventuelt legge fram forslag til endringer i retningslinjene tidlig i 2012. Les mer [her](#).

Vennlig hilsen

Olav Grimsbo
Samferdselsråd

olgr@mfa.no

+32 (0) 2 238 74 44

